



FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 4 - DESEMBER 2025
ÅRGANG 48



Ei julebøn frå biskopen



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjevevjerje

Harald Rydland 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825
olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kyrkjegjardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

Soknerådsleiar:

Mette Lambach 473 76 423

Nestleiar sokneråd:

Svein Lunde 971 59 009

Bakken barnehage:

Serina Sørfonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsida: Skulegudsteneste
Arkivfoto: Jan Overweg

Redaksjonelt

**Ein gong fekk mor mi eit julekort som
begynte slik: "Kjære Jesus".**

Av biskop Ragnhild Jepsen

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus.

Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtøydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft.

(Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!



Foto:
Geir Endre Kristoffersen

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.
Amen.*

Glede over frivilligpris

Resten av redaksjonen i kyrkjebladet gler storleg over frivilligprisen som i år gjekk til Rolf-Atle Rolfnes. Me synst det var fortent. For oss er han gull verd!



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:
Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar
Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Om neste kyrkjeblad vil det bli orientert på heimesida. På grunn av bytte av prest er mykje usikkert. I skrivande stund veit vi ikkje kven som kjem, og Olav sluttar ved nyttår.

Resten av redaksjonen vil forsøka å få ut eit blad før påske med intervju av nye presten og takk til gamle presten.

Redaksjon:

- » Olav J. Oma (red.)
- » Roald Drønen
- » Rolf-Atle Rolfnes
- » Herman Inge Aadland
- » Karvel Strømme
- » Marie Willemse

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Jul i kyrkja på Fitjar 2025

Julaftan, 24. desember, er det gudstenester på FBB og Havnauset på føremiddagen, 11.00 og 11.30

Denne dagen gler vi oss til igjen å høyra om Keisar Augustus, om manntal, om Betlehem, englesong og barnet som kjem. I kyrkja blir det både skulekorps og songinnslag.

14:30, på den første gudstenesta deltek mellom anna skulekorpset,

16:00, på den andre gudstenesta deltek Marie Oma med song.

Sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg deltek også på gudstenestene. Denne dagen kan me gje ei gåve til Kirkens nødhjelp i kyrkja. Bruk gjerne Vipps 23412, Fitjar kyrkje.

Juledag, 12:00

Merk at gudstenesta ikkje startar før kl.12:00.

Dette er ei høgtidsgudsteneste med masse song. Dagen er for mange den finaste i heile jula. Saman med kyrkja over heile vår jord, «frå fjord og fjære, frå fjell og dype dal, et «Ære være!» i dag gjenlyde skal» også frå Fitjar.

Fitjar kyrkjekor deltek saman med musikarar, sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg. Gåva vår 1. juledag går til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt ved NMS i Mali.

2. Juledag, 19:00

For 7. gong blir det arrangert ungdomsgudstenesta denne dagen. Her er ungdommar med og spelar til songane, les tekstane, preiker og delar ut nattverd. Ola Fitjar Hjelle har sagt ja til å leia det musikalske. Ungdommar preiker saman med Randi Matre.

Nyårsaftan, 23:00

Midnattsgudsteneste som tek til 23:00. Gudstenesta tek slutt i god tid før rakettane skal skytast opp ved midnatt. Sokneprest Olav J. Oma.

Nyttårsdag, 12:00

8. dag jul! Jesu namnedag, heiter dagen i kyrkjeåret. Vi syng «Navnet Jesus, blekner aldri», og kjenner at det er sant. Midt i alt som er, er han vårt håp, og med han og kvarandre får vi gå inn i eit nytt år. Her deltek kantor Jan Overweg saman med sokneprest Olav J. Oma. Det blir siste gudstenesta på Fitjar for Olav.

Takkofferet denne dagen går til Sjømannskirken eller norsk kyrkje i utlandet.



Juleforteljing

Oskar Stein Bjørlykke:

Det er mange flotte små ting med jula. Mykje godt som må ordnast før høgtida. Pynt som skal på plass. Også utvendige oppheng. Som nok fort kan blåsa bort i vinden, men er fine å sjå på.

Det er likevel også eit veldig alvor med jula. Ho har med seg ei av dei verkeleg store forteljingane i vår kristne tradisjon og i vår kultur. Den som kort fortalt er slik: Gud vart menneske, til vår redning.

Her kjem ei lita lokal historie. Om ei viktig side ved det alvoret.

Det er noko far fortalde meg. Om advent, førebuingstida til jul. Det var den fjerde søndagen i advent eingong i 1940-åra på Fitjar. Han var då prest i bygda og skulle ha gudsteneste der.

Det vart eit forskrekkelig ver den søndagen. Det bles og snødde og kvein i novene. Det var nesten ikkje råd å koma utanfor dør. Han tenkte:

I dette veret kjem det vel ingen til kyrkja utanom meg, organisten, klokkaren og kyrkjetenaren. Fjerde søndag i advent som det òg er. «Skitnesøndag», då folk gjerne har for seg alt det praktiske som må gjerast før jul.

Far klarte å baska seg ned dei par hundre meterane ned til kyrkja.

Kom det nokon?

Ja, klokkaren, organisten og kyrkjetenaren og nokre få til.

Og så han eine frå Øvrebygda. Eg er ikkje heilt sikker, men eg trur han heitte Hovstad. Han hadde kava seg gjennom storm og snøfokk fleire kilometer for å vera med på den gudstenesta.

Far undra seg mykje. Kvifor dukka den mannen opp i dette veret?

Gudstenesta gjekk sin gang, med preike og salmesong. Etterpå gjekk far ned og snakka litt med han. Far spurde:

Kvifor tok du ut på den lange vegen i denne snøkaven?



Oskar Stein Bjørlykke

Jo, da ska eg sei deg.

Og så kom forklaringa.

Han var ofte i kyrkja. Og visste mykje om salmevalet til far. Kva som dukka opp av salmar på dei ulike søndagane. Han var sikker på at ein salme ville koma denne fjerde søndagen i advent: Landstadteksten på nummer 75 salmeboka.

Da va for å syngja den salmen eg kom, sa han.

Far stod der ved sida av han.

Det var rett. Den salmen vart sunge i gudstenesta. Far kunne han utanåt. Første verset lyder slik:

*Når synderen rett ser sin våde,
i sjelen dypt besværet går,
og Jesus kommer med sin nåde
og legger den på hjertets sår,
da slokkes sorgen salig ut,
da blir det glede stor i Gud.*

Fjerde og femte vers tek til med desse orda:

Han står for døren nu og banker.

Siste verset sluttar slik:

*Jeg sier i mitt stille sinn:
Du Guds velsignede, kom inn!*

Dei to vart ståande saman ei lita stund. Stille. Og far kom aldri til å gløyma den gudstenesta i Fitjar-kyrkja.



Lysmesse

Randi Lønning Matre

Tradisjonen tru var det lysmesse i Fitjar kyrkje 1. søndag i advent. Konfirmantane var med på å planlegge og gjennomføre ei flott messe i ei mørk kyrkje med mange levande lys. Dei deltok i ulike oppgåver som lysberarar, tekstlesarar, tablå, lystennarar, forbøn og i preika. Olav og Randi hadde ei preik der konfirmantane sine tankar om advent og tradisjonar, lys og Jesus kom fram. Jesus er lyset for verda, og i han har me håp og glede. Me ynskjer alle ei god advent og ei velsigna julehøgtid.



Oskar Stein Bjørlykke (1939) vaks opp på Fitjar og bur no i Oslo. Han utdanna seg til lærar og teolog. Frå 1971 har han vore forfattar på heiltid.

Ulike roller:

- Leiar av Norske Barne- og Ungdoms-bokforfattere (1979–1981)
- Litterær rådgivar ved bibelomsetjinga 2009–2011
- Leiar av det litterære råd i Den norske Forfatterforening

Utmerkingar:

- Samlagsprisen (1995)
- Kulturdepartementets spesialpris (1999)

Far hans, John Gunnar, var prest i Fitjar frå 1938 til 1957.



John Gunnar Bjørlykke

Temakveldar våren 2026



29. januar

Dagfinn Høybråten
«Stå i stormen»



26. februar

Hans Eivind Riise
«Ta sjansen på å blomstre i andre halvdel av livet»



26.mars

Kyrkjekoret og Arne Kvarven
«Nordiske påskesalmar»



30.april

Knut Reiersrud og Iver Kleive
«Vidunderligst av alt på jord»
Konsert

Temakveldgruppa/soknerådet



Herman I. Aadland:

Fredfylt i kyrkja

Dei to siste månadane har me vore vitne til to særdeles vakre konsertar i Fitjar kyrkje. Det har vore så fint at det er vanskeleg å finna ord som kan skildra opplevingane. Det vil så lett bli klisjéprega.

Den første konserten fann stad torsdag 30. oktober. Då hadde me vitjing av Ole Jakob Hystad og Tore Hegdahl. Ole Jakob trakterte tenorsaksofon og sopransaksofon, og Tore fekk det flotte pianoet vårt til å syngja. For eit toneunivers dei skapte! Då konserten var over, var det eit bilete frå salme 23 som levde i sinnet mitt, nemleg «liggja i grøne enger».

Nokon vil gjerne tenkja at saksofon er kraftige saker, men dette var berre vart og vakkert. Og for eit samspel! Her lytta me til to eminente musikarar som fylgde kvarandre som skuggen følgjer deg ein vakker sommardag. Det var ingen konkurranse om å vera best. Begge let stadig den andre skina gjennom solistiske parti i samspelet.

Duoen gav til beste melodiose låtar som «Danny boy», «Practical arrangement» av Sting, «My song» av Kaith Jarret og folketonen «Jeg lagde mig så silde». Alt saman kjenslevart framført. Ja, beint fram rørende. Og «Jeg er i Herrens hender» fekk ei fargelegging utan like. Hegdahl spela også sin eigen komposisjon, «At least once» (i det minste ein gong). Nydeleg sjelesalve.

Vidare fekk me «It might as well be spring» frå The American Songbook, «The heart of a Child» og «Å, ver hjå meg». Den siste vart framført som ei inderleg bøn om Guds nærvere.

For ein temakveld! Sjølv sat eg att med ei kjensle av å ha vore på åndeleg spa. Desse to høyrer me gjerne meir frå!





Herman I. Aadland:

«Den ljose dagen»

var tittelen på temakvelden torsdag 27. november. Då hadde me vitjing av det aller ypparste som finst i landet vårt når det gjeld å formidla religiøse folketonar. Gjestene var songaren og kvedaren Berit Opheim frå Voss, felekunstnaren Nils Økland frå Haugesund og organisten og improvisatøren Sigbjørn Apeland frå Bergen/Sveio.

Økland hadde med seg tre fiolinar og ei hardingfele. Apeland kom med eit 100 år gammalt harmonium/trøorgel som hadde sett sine beste år, men som let betre enn nokon gong. Det Opheim kom med var si utruleg vakre og kjenslevare røyst.

Det kunstnarane hadde på hjarta, var å formidla skatten av religiøse folketonar frå Hordaland og Rogaland. Og for nokon skattar dei hadde leita fram!

Konserten var ei festreise i vårt nære landskap - frå første til siste tone. Vox humana (den menneskelege stemma) kan vera eit vedunderleg instrument. Og Berit Opheim si stemme er i øvre klasse. Ho meistarar både det ømme, vare og inderlege og det kraftfulle uttrykket. Og det går mest ikkje an å registrera at ho pustar. Tonane flyt og fløymer som fløyel.

Den første salmen var «Fryd deg, du Kristi brud» kledd i ein folketone frå Hardanger. Her brukte Nils Økland både hardingfele og vanleg flatfele. Og både Økland og Apeland song med på delar av salmen. Vakkert!

Vidare gav dei til beste «O, du min Immanuel» til ein folketone frå Imsland i Vindafjord. Her var det eit magisk samspel mellom dei tre kunstnarane som måla både med smal og brei pensel. Deretter fekk me «No koma Guds englar», kledd i ein folketone frå Voss. Julesalmen vart som fødd på ny.

Den åndelege songen som så fylgde, var frå Etne: «Skynd deg, skynd deg å ta Guds rike imot.» Den var både var, sår og lengtande, men også bydande og innbydande. Dette kom særleg fram i felespelet.

Medan Berit Opheim song det gamle juleverset: «Et lite barn så lystelig», stiltra Sigbjørn Apeland seg opp på orgelgalleriet. Og du verda for eit orgel me har! Registreringa var prima, og «samtales» mellom orgel, fele og songar var berre vedunderleg.



Eg kan ikkje ta med alt, men «Unn meg Gud et lite rom», med tone frå Bømlø, var også eit blinkskot. Det same var «Nu solen går ned». Melodien var frå Granvin.

Eli Simonsen innleia og avslutta konserten. Ho tok i takketalen sin tak i tittelen på konserten, «Den ljose dagen»; og med utgangspunkt i den understreka ho varmt at dette verkeleg hadde vore «Den ljose kvelden»!

Til slutt fekk musikarane forsamlinga, som godt kunne ha vore mykje større, med på «Fager kveldsol smiler». Den vart sunge med kraft og innleving av ei storleg inspirert forsamling. Tusen takk for ein utruleg flott temakveld!



Lys Vaken



15. og 16. november var 14 fine 11-åringar, 5 nydelege ungdomsleiarar og 3 godt vaksne leiarar samla i kyrkja til Lys Vaken. Me hadde ein kveld fylt med leik, moro, god mat, snop, aktivitetar, bibelforteljing, gudstenesteførebuing og mykje meir.

Randi Lønning Matre

Det var stort engasjement hos gjengen gjennom heile kvelden. Dei gav alt i konkurransar, frå henteleik til å lage skulpturar i gymsalen. Det var veldig godt med pizza frå Videoen til kvelds.

Me hadde ein god start på søndagen med frukost i kyrkjestova. Der fekk me servert varme baguettar og eggerøre og mykje anna godt pålegg. Me avslutta ei fin helg med å vere med på familiegudstenesta. Der var alle 11-åringane med i ulike oppgåver. Dei las tekst, viste bevegelser til forbøn, song og hadde dramastykke. Tusen takk for innsatsen!

Tusen takk til alle føresette som var med denne helga. Tusen takk til leiarar. Det gjorde helga super!



TRUSOPPLÆRING VÅREN 2026!!

«Med Jesus i båten»

Babysongkurs:

Samling på Fitjar bedehus anna kvar tysdag kl.10:30 – 12:00. Babyar (0-12 månader) saman med ein vaksen.

Songstund, og nistelunsj saman etterpå.

Datoar: 20/1, 3/2, 17/2, 3/3, 17/3, 14/4 og 28/4



Småbarnssong:

Samling ein onsdag i månaden kl. 17:30 – 18:30. 1-4 åringar saman med ein vaksen Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.

Datoar: 4/2, 4/3, 15/4

Tårnagenthelg:

Utforsking og mysterieløysing på laurdag og familiegudsteneste med utdeling av bok på sundagen.

Datoar: 14/2 og 15/2



Påskesamling og Barabbas:

Samling onsdag ettermiddag kl. 17.00 for 6-åringar saman med ein vaksen. Song og bibelforteljing frå påsken, aktivitet og matbit.

Datoar: 9/4 og 12/4

Ten-treff:

Eit rusfritt tilbod på fredagskveldar for ungdom frå 8. klasse og oppover.

Samling på fredagar kl. 21:00-23:00 – bli med i Facebook-gruppa

«Fredagskveld på Fitjar»

Datoar for KRIK og Tentreff: blir lagt ut på facebookgruppa. Me føl skuleruta

Vidare:

Samling for ungdom i kyrkja ein tysdag i månaden kl. 19:30-21:00. Datoar: 27/1, 17/2, 17/3, 28/4 og 19/5

vidare!

Konfirmantar:

Samling i kyrkja annakvar veke fordelt i gruppe tysdag og onsdag og nokre felles kl. 14:15 – 15:45:

T: 13/1, 27/1, 8/2, 10/2, 17/3, 24/3, 7/4, 21/4, 5/5, 6/5, konf.dag

O: 14/1, 28/1, 8/2, 11/2, 18/3, 24/3, 8/4, 22/4, 5/5, 6/5, konf.dag

Konfirmant 2026



Student på Menighetsfakultetet i Oslo



Frå venstre: Simona F. Johnsen, Liv Merete F. Pedersen, Randi L. Matre, Margrethe Stordal og Møyfrid Garbord

I eitt og eit halvt år har eg vore student i Oslo. Sakte, men sikkert er eg byrja bli kjent med korleis ein studerer anno 2025. Det er litt annleis no enn då eg tok lærarutdanninga mi på Høskulen Stord Haugesund på slutten av 90-talet. Då hadde me eksamen i gymsalen utan hjelpemidlar, og måtte skrive alt for hand. Det måtte skrivast veldig hardt med kulepenn for at det skulle gå gjennom 3 papir, for å lage kopiar. No er det annleis. På desse 1 ½ åra har det vore éin eksamen og den var heime. Elles er det oppgåver, små, store, individuelle oppgåver og oppgåver i grupper.

Randi Lønning Matre

Eg er komen i ein flott klasse med 8 andre studentar. Og mange av dei er frå vestlandet. Me er blitt ein fin og samansveisa gjeng som gjer at det er eit godt avbrekk og fint høgdepunkt å reise til Oslo på studietur. Eg lærer mykje på førelesingar og ikkje minst blant kollegaer rundt omkring i andre kyrkjer. Eg er i Oslo sirka tre gonger i semesteret.

Kanskje du lurar på kva eg studerer? Eg går på erfaringsbasert master i kyrkjeleg undervisning og læring. Ved endt studie kan eg vigslast til kateket. Kanskje nokon har sett meg i kyrkja med alba. Det er som ein kvit prestekjole. Eg prøver å finne meg til rette i kyrkja sine liturgiske klede. Og eg synest det er ganske fint. Denne hausten har me hatt om leiing i kyrkja, og til våren skal me ha bibelfag.

Eg vil takka alle som heiar og støttar meg. Staben, soknerådet, alle som stiller opp og hjelper i ulike settingar. Ein spesiell takk til Helga Rimmereid som stiller på babysong, og Ingrid Træet som handlar og organiserer mat til konfirmantar.



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**



Kyrkjebladet kjem ut 4-5 gonger i året og vert distribuert til alle husstandane i Fitjar. Bladet vert òg lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkjelyd; <https://kyrkja.no/fitjar>.

Utgiftene til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver og annonseinntekter. Alt anna arbeid med bladet vert gjort av frivillige i kyrkjelyden.

Gåver til kyrkja på meir enn kr 500 pr. år gjev rett til skattefritak.

Takk for at du er med på støtta arbeidet i Fitjar kyrkje.

Du kan gje ei gåve til kyrkjebladet på:

Kontonr: 3546.29.05805 eller på Vipps: # 809255



Julekonsert

Glimt frå ein nydeleg julekonsert søndag 7. desember.



Fitjar skulekorps med dirigent Svein Roger Koppang



Fitjar kammerkor og Fitjar kyrkjeor med dirigent Birte Slettevoll



Eit barn er født

Fødselen til Paskalina kunne ha gått veldig gale. Ho overlevde takka vere behandlinga ho fekk på Haydom-sjukehuset i Tanzania.

Tekst: Åsne Gullikstad - Foto: Håvard Bjelland

– No har eg det bra, og babyen min har det bra, seier Paskalina Qawock (35).

Ho ser ned på barnet i armkroken. For berre nokre timar sidan fødde ho sitt sjette barn, ei lita jente som har fått namnet Angelina.

Då fødselen starta var ho heime, om lag ti kilometer frå sjukehuset vi er på – Haydom Lutheran Hospital i Manyara-regionen i Tanzania.

Alt gjekk fint – heilt til rett etter fødselen.

– Ein ropar: «Haste!»

Då byrja Paskalina å blø kraftig, ein såkalla postpartum-bløding. På verdsbasis er dette ei av dei viktigaste årsakene til at kvinner dør i samband med fødsel, særleg i fattige land.

Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset, eit sjukehus som vart oppretta av norske misjonærer i 1955, og som Kirkens Nødhjelp har støtta i mange år.

– Når ei kvinne byrjar å blø kraftig etter at morkaka er ute, hastar det veldig, fortel jordmor Sabina Mmao, som er saman med Paskalina i dag.

Reddar liv

Dei tilsette på Haydom veit kva dei skal gjere når det oppstår ein kritisk situasjon. Det er eit resultat av eit forskingsprogram som Haydom-sjukehuset står i spissen for.

Det har gitt resultat som har vekt internasjonal merksemd: I løpet av tre år er dødsfall blant fødande kvinner redusert med 75 prosent og nyfødtdød med 40 prosent ved dei 30 fødestadene i fem regionar der programmet vart innført.

Det såkalla Safer Births Bundle of Care-programmet er eit samarbeid mellom Haydom-sjukehuset, norske forskarar, Norad, norske Lærdal Global Health og tanzanianske styresmakter.



Mor med baby: Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset då ho fødde vesle Angelina.

Kirkens Nødhjelp har sidan 2015 hatt hovudansvaret for å følgje opp den norske pengestøtta til sjukehuset.

Millionar dør

Kvart år dør rundt 300 000 kvinner globalt i samband med svangerskap og fødsel. 2,3 millionar nyfødde dør i løpet av den første levemånaden, ifølgje UNICEF.

Programmet Safer Births Bundle of Care (SBBC) har i fleire område i Tanzania klart å sikre betre behandling for dei viktigaste årsakene til dødsfall blant nyfødde og fødande.

Suksessen handlar om nokon

kombinasjon av fleire element i behandlinga, slik at det blir ei pakke med tiltak. Nokon har mellom anna utvikla gode tekniske apparat, og helsearbeidarane øver svært ofte på realistiske scenario som kan oppstå.

Heldig

Det er framleis under eit døgn sidan Paskalina fødde. Alt er roleg no, og sjølv om ho er sliten, er forma god.

– Ho er veldig heldig som fødde her, seier jordmor Sabina Mmao.

Allereie same ettermiddag blir ho utskriven frå sjukehuset. Svigermor skal bli med henne heim.

Med eit breitt smil rundt munnen og med dottera i armkroken kryp Paskalina inn i baksetet på nokon trehjuls motorsykkel, på same måte som ho kom hit før fødselen.

Både i Tanzania og i Noreg nærmar vi oss julefeiringa – ei tid der vi minnest natta då Jesusbarnet vart fødd. Akkurat som nyfødde Angelina, kom også Jesus til verda under utrygge forhold, der både mor og barn var sårbare.

I ei høgtid der mange samlast rundt god mat og gåver, minner juleevangeliet oss om julas eigentlege kjerne: Gud kom til oss for å vise korleis vi kan vere hans hender og føter i verda. Han kom for at vi skulle få sjå nestekjærleik – ikkje berre i ord, men i handling.

Kirkens Nødhjelp sitt kall er å kjempe mot naud og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, styrkjer lokalsamfunn og kjempar for rettferd – kvar dag.



Mor på veg heim: Paskalina er på veg heim med den nyfødde dottera si. At det gjekk så bra som det gjorde, var ingen sjølvfølge.

SLIK GIR DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- » Vipps eit valfritt beløp til 2426
- » Send GAVE på SMS til 2426 og gi 300 kr
- » Gåvekonto: 1594.22.87248

ME SYNG JULA INN

FITJAR BEDEHUS

Søn. 21. des. kl. 16.00

Desse deltek:

- Husband m/forsongarar
- Arve Rydland
- Kristin Aadland
- Hermann Inge Aadland
- Marie Oma
- Karine, Elin, Karin & Kjerstin
- Blåsegruppe

Velkommen!

Arr:

Fitjar Indremisjon

JULEFEST

for små og store på
Fitjar bedehus

måndag 29. desember kl. 17.00



Tradisjonell
julefest
med allsong,
andakt
ved Trygve Eiken,
songinnslag ved
fam. Orlov,
«kaffi-mat»,
kahoot
og juletrengong.
Kollekt

**ALLE er
VELKOMNE !**

Arr.: Fitjar søndagsskule



III GSE SANDVIK AS

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
elon **ifagmøbler**

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinne
Fitjar
Bygdekvinne

Fitjar
Bygdekvinne

FBS
FITJAR BYGDASERVICE SA
BRØYTING - TREFELLING
Tlf: 53 27 72 01 KALL ANDR: 53 27 03 13



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

Fiks frisyren
hos oss!



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

www.gronavikjo.no

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 91 82 41 58



Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfohn
902 27 978

WAAGE ANLEGG

www.waageanlegg.no

inge@waageanlegg.no | Tlf: 958 86 390



Galleri Flora

Tlf: 53 40 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

Kråko
Kråko Utvikling AS

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



SPAR



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s.
MESTERHUS**

Telefon:
53 45 73 00
E-post:
post@engevik-tislevoll.no



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

**FITJAR
SMÅBÅT AS**



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639- baatbygg@kvernernesbaat.no



FOTTERAPEUT

med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18

**Videoen
Kiosk**



VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700

K.VOLDEN



Slekters gang

Døypete:

28.09.

Lauritz Reigstad Vestvik

19.10.

Hans Emil Hovstad Velle

Viljar Førde Levåg

Milas Nesbø Thorsen

16.11.

Sigrid Volden Nesbø

Kasper Aarbø Skarstad

Jordfeste:

17.10.

Torolf Larsen

12.11.

Ingunn Ivarsøy Lieberg

05.12.

Simone Drivenes-Helland



Gudstenester

Dato	Kl.slett	X	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
21.12.	11:00	x	4. søndag i adventstida	Sven H. Nilsen	Kirkens SOS
24.12.	14:30	x	Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
	16:00		Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
25.12.	12:00	x	Juledag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet, Mali (NMS)
26.12.	19:00		2. Juledag/Ungd.gudst.	Olav J. Oma	Tentreff
31.12.	23:00		Nyårsaftan	Olav J. Oma	
01.01.	12:00	x	Nyårsdag	Olav J. Oma	Sjømannskyrkja
04.01.	11:00	x	Kristi openberringsdag	Sven H. Nilsen	Framnes, Lundaneset, Kongshaug VGS
11.01.	11:00	x	2. s. i openberringstida		Sunnhordlandsaksjonen NMS
18.01.	11:00		Familiegudsteneste		Jordbruksprosjekt Kenya, WOH
25.01.	11:00	x	4. s.i openberringstida		Stefanusalliansen
01.02.	11:00	x	Såmannssøndag		Det norske bibelsselskap
08.02.	11:00	x	Kristi forklåringsdag		Den Norske Israelsmisjon
15.02.	11:00		Fastelavns-søndag/Tårnagentar		KUL-kyrkjeleg undervisning og læring
22.02.	11.00	x	1. s. i fastetida		Misjonsprosjektet, Mali (NMS)
01.03.	11.00	x	2. s. i fastetida		Kyrkjelydsarbeidet
08.03.	11.00	x	3. s. i fastetida		Norges Kristelige Student og skoleungdomslag
15.03.	11.00	x	4. s. i fastetida		Kyrkjelydsarbeidet
22.03.	11.00		Maria bodskapsdag/Barnas påskefest		Barne og ungdomsarbeidet på bedehuset
29.03.	11.00	x	Palmesøndag		KUL, Kyrkjeleg undervisning og læring

x - Overføring av gudstenesta på <https://www.kyrkja.no/fitjar>